



Møtebok for Kraftfondsstyret

Møtedato: 22.03.2018
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 10:00 - 10:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

Sakliste

Saksnummer: Sakstittel:

001/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 03
002/2018	Godkjenning av møtebok	s. 04
003/2018	Retningslinjer for bruk av kulturtiltaksmidler	s. 05
004/2018	Årsmelding kraftfondet 2017	s. 08

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		18/182

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2018	Kraftfondsstyret	PS	22.03.2018

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Kraftfondsstyret - 001/2018

KRFT - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		18/182

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2018	Kraftfondsstyret	PS	22.03.2018

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Kraftfondsstyret - 002/2018

KRFT - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frank Kvinge	FE - 453	18/78

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2018	Kraftfondsstyret	PS	22.03.2018

Retningsliner for bruk av kulturtiltaksmidler

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kraftfondstyret vedtek retningslinene slik dei det går fram av saka.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I kommunestyremøte 11.12.2017 vart det etterlyst retningsliner for tildeling av kulturtiltaksmidler.

Saka vart lagt fram for formannskapet 13.02.2018, sak 18/78, slik:

Bakgrunn/fakta

Kraftspela vart arrangert 2005-2014. Det vart sett av midlar til tiltaket på Kraftfondet.

Som erstatning for Kraftspela oppretta formannskapet i 2015 Kulturtiltaksmidler der ein ønskte å stimulera lokalt næringsliv, lagsliv og andre aktørar til å stå som kulturarrangør, slik at ein i kommunen framleis kunne tilby varierte og gode kulturopplevingar. I vedtaket vart det ikkje lagt føringar for kvar og når tiltaka skulle gjennomførast, og kor mange tiltak som kunne rekna med støtte. Det viktigaste var at ordninga skulle gje lokale aktørar inspirasjon og støtte til å gå i gang med nyskapande og spennande kulturarrangement i kommunen.

For 2015 vart det sett av kr 150 000 der arrangørar kunne søkja kommunal medfinansiering til slike tiltak gjennom kraftfondbudsjettet.

I 2017 var denne summen kr 100 000. Midlane vart lyst ut i januar 2017. Seks arrangørar søkte midlar, fem fekk tildelt tilskot i storleik 5-50 000 kr (Formannskap 17/79). Det kom tilbakemeldingar på at søknadfristen vart kort.

Søknadane vart vurdert utifrå innhald, omfang, mangfald, målgrupper, nyskaping og geografisk spreiring. Rådmannen la til grunn at dei avsette midlane skulle gå til arrangement i kommunen. Såleis fall tilskot til reiser og turneringar utanfor ordninga.

Masfjorden kommune tildeler også kulturmidlar til lag over kulturbudsjettet. For 2017 var denne summen 195 000, der 80% vert gitt i driftsstøtte og 20% til ekstarordinære kulturtiltak.

Kommunen mottok dette året 33 søknader til driftsstøtte og 7 søknader til ekstarordinære kulturtiltak. I tildelinga tek ein omsyn til medlemstal, aktivitet og omsetning. Barne- og ungdomslag har blitt prioritert.

Sum til fordeling har gått gradvis nedover dei siste 3-4 åra.

Vurdering

Kommunestyret har etterlyst meir spesifikke retningsliner for tildeling av kulturtiltaksmidlane. Frå administrasjonen si side vil det først og fremst vera hensiktsmessig at det vert utarbeidd og kunngjort relevant informasjon om desse midlane, og at det vert sett ein tenleg søknadsfrist for brukarane, slik det vert gjort for ordinære kulturmidlar.

Rådmannen ber politikarane om å koma med innspel på retningsliner for tildeling.

Kommunestyret bør og vurdera kulturtiltaksmidlane på Kraftfondsbudsjettet i samanheng med kulturmidlar på kulturbudsjettet med tanke på utlysing, forvaltning, sakshandsaming og tildeling.

Formannskapet - 011/2018

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Det vert jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

Saka vert sendt attende til administrasjonen for vidare handsaming og utarbeiding av forslag til kriterier knytt til kraftfondet sine retningsliner.

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Saka vert sendt attende til administrasjonen for vidare handsaming og utarbeiding av forslag til kriterier knytt til kraftfondet sine retningsliner.

Ny tilleggsutgreiing til Kraftfondet etter formannskapsvedtak

Fakta/vurdering

I kraftfondsbudsjettet for 2018 er det sett av kr 220 000 til profilering av kommunen inkl. løpande annonsering av tomteareal, kommunal støtte til privat arrangement som erstattar Kraftspela, og oppfølging av «bli Masfjording», støtteannonsar, profileringstiltak og representasjon delegert til rådmann/ordførar i fellesskap. Denne posten er og viktig med tanke på ekstra fokus på folketalsutvikling og det er her kommunen sin finansieringsdel kring arrangement som erstattar Kraftspela vert finansiert. For 2018 er denne summen sett til kr 100 000.

Tiltaket vert ført under konto 11403, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles.

Konklusjon

Kultur-/næringstiltaksmidar

Kommunen har sett av midlar til tiltak som erstattar det som Kraftspela tidlegare dekkja, og inviterer private/andre kulturarrangørar til å søkja kommunal medfinansiering til kulturtiltak gjennom Kraftfondsbudsjettet, og der føremålet er å skape blest og godt omdømme av kommunen, og i samsvar med føremålet for Kraftfondet.

Retningslinjer for tildeling.

Kultur-/næringstiltaksmidlane

- skal stimulera lokalt næringsliv, lagsliv og andre aktørar til å stå som kulturarrangør, slik at ein i kommunen kan tilby varierte og gode kulturopplevingar gjennom heile året.
- skal gje lokale aktørar inspirasjon og støtte til å gå i gang med nyskapande og spennande kulturarrangement i kommunen.

Søknaden

- skal innehalda ein presentasjon av tiltaket inkludert budsjett.
- skal visa korleis tiltaket kan skapa blest og godt omdømme av kommunen, og vera i samsvar med føremålet for Kraftfondet.

Søknadane

- vert vurdert utifrå innhald, mangfald, målgrupper og geografisk spreing, og på ein måte som sikrar at ein i kommunen kan tilby varierte og gode kulturopplevingar gjennom heile året.

Søknadsfrist 10.april.

Tildeling:

Administrativt vedtak.

Rapportering:

Dei som mottok kulturtiltaksmidlar skal innan eitt år etter tildeling rapportera bruken av midlane.

Søknaden skal sendast på e-post til post@masfjorden.kommune.no,

eller som brevpost til:

Masfjorden kommune

Rådmannen

Austfjordvegen 2724,

5981 Masfjordnes

Kraftfondsstyret - 003/2018

KRFT - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Kraftfondstyret vedtek retningslinene slik dei det går fram av saka.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 004, TI - &14	18/109

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2018	Kraftfondsstyret	PS	22.03.2018
	Kommunestyret	PS	

Årsmelding kraftfondet 2017

Vedlegg:

Journalposttittel

Årsmelding kraftfondet 2017_epost

Dato

19.02.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding kraftfondet 2017 vert teken til vitring

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I samsvar med retningslinene for kraftfondet §7 – årsmelding, skal det leggjast fram årleg ei årsmelding til kommunestyret om bruken av kraftfondet. Årsmeldinga skal innehalde;

- Rekneskap
- Oversyn over prosjekt
- Analyse over korleis fondet er nytta sett i høve til prioriteringane i strategisk næringsplan
- Trong for endring i prioriteringar/retningsliner for bruken av kraftfondet for neste år

Fakta

Viser til sjølve årsmeldinga 2017, følgjer som sakstfang

Rekneskap Masfjorden kraftfond 2017

	Budsjett	justert Budsjett	Rekneskap
	2017	2017	2017
Inntekter:			
Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 810 000	-2 810 000	-2 832 869
Unyttta fondsmidler frå 2016 tilført 2017 budsjettet		-820 000	-117 150
Avdrag utlån frå kraftfondet	-80 000	-80 000	-116 935
Renteinntekter, utlån	-10 000	-10 000	-9 730
andre inntekter			-10 000
Sal av turbok	0	0	-130
Sum inntekter	-2 900 000	-3 720 000	-3 086 815
Utgifter:			
Masfjordsambandet - "brufond jf. KS sak 45/12"	1 000 000	1 000 000	1 000 000
LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2017	400 000	400 000	423 396
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000	200 000	198 419
LVK - støtte til rettsak	0	0	20 000
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000	100 000
Sertifikatorordninga	10 000	10 000	0
Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504	0	0	0
Tilrettelegging bustadforemål	400 000	400 000	500 000
Elevbedrift/grundercamp	10 000	10 000	15 000
Mobil/Breiband/Fiber	250 000	400 000	0
Andre næringstiltak - tilskot GMU m/250.000	250 000	250 000	250 000
Etableringstilskot	160 000	160 000	0
Frie fondsmidler til fordeling inkl. utlån	120 000	790 000	580 000
Sum utgifter	2 900 000	3 720 000	3 086 815
rest utnytta frå 2016 til disp. i 2018;			-702 850
Sertifikatorordninga		10 000	
Mobil/Breiband/Fiber		400 000	
Etableringstilskot		160 000	
Frie fondsmidler til fordeling inkl. utlån		132 850	
		702 850	

Vurdering

Årsmeldinga viser oversikt over kva fondsmidlane er nytta til og oversikt rekneskap vs. opphavøeg og justert budsjett. Ved justering av budsjettet for 2017 vart 2017 budsjettet tilført unytta midlar pr. 31.12.2016. Deler av desse var nytta i 2017 – men ein del midlar er elles disponert, men kjem først til utbetaling i 2018 – slik at rest pr. 31.12.2017 vert nytta i samsvar med oppstillinga ovanfor. Bruken av fondet er heimla i politiske vedtak, inkl. strategisk næringsplan. Ein ser ikkje behov for å endra vedtektene og bruken av fondet. Einaste område er å vurdere etableringstilskotsordninga. Vedteken strategisk næringsplan vart tenkt rullert i 2017, men grunna forskyving anna planverk og mykje fokus på Masfjordsambandet i 2017, vil ein prøve på rulling i 2018.

Konklusjon

Tilrår at årsmeldinga kraftfondet for 2017 vert vedteken slik den ligg føre.

Kraftfondsstyret - 004/2018

KRFT - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

KRFT - vedtak:

Årsmelding kraftfondet 2017 vert teken til vitring

Rett utskrift frå møteboka frå Kraftfondstyret 22.03.18 vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Torill Torsvik Størkensen
varaordførar